



Gol kommune

## Internt notat

---

<b>Til:</b>	Hege Mørk/Rådmannen; Arne Fredriksen/Økonomiavdelinga	<b>Dato:</b>	02.03.2015
<b>Fra:</b>	Ingebjørg By Teigen	<b>Referanse:</b>	15/00632-6
<b>Kopi:</b>			

---

## Årsmelding Gol skule med avd. storskulen, Glitrehaug, Herad og SFO

---

### Kommuneplanen sin tekstdel

#### Læringsmiljø

God grunnutdanning og livslang læring skal sikre velferd og livskvalitet for innbyggjarane i kommunen.

Eit godt barnehage- og skuletilbod skal sikre kvalifisering til vidare utdanning og yrkesliv/arbeidsliv.

Det skal leggjast til rette for eit inkluderande læringsmiljø med rom for mangfald slik at alle kan oppleva meistring, utvikling og vekst i eit stimulerande miljø.

God fagkompetanse i barnehage og skule skal sikrast ved aktive rekrutteringstiltak.

#### Kompetanseheving og fagmiljø

Gol kommune vil arbeide for at kunnskapsbedrifter og fagmiljø skal kunne etablere seg i kommunen.

Kommunen vil vera med å leggja til rette for at vidareutdanning og kompetanseheving skal vera tilgjengeleg for alle.

Gol kommune skal leggja til rette for kompetanseheving for alle sine tilsette.

### Ansvarsområda som er med – storleik på avd. og fråvær 2014 (%)

Ansvar:	Ansvarsomgrep:	Evt. endringar:	Stillingsh. (haust 2014)	Fråvær 2014
3111	Gol skule og SFO		39,62 %	2,3 %
3112	Herad	Frå 01.08.14 avd. under Gol skule	5,32 %	5,3 %

### Fordeling – lønsartar (alle tal i heile 1.000 kr)

<i>Fordeling - rekneskapsartar (heile 1.000 kr)</i>			
	R 2013	Just B 2014	R 2014
Sum driftsutgifter	31 862	30 653	31 563
Sum driftsinntekter	-3 275	-1 835	-2 475
Netto finansutg.	-504	-	-168
<b>NETTOUTG.</b>	<b>28 083</b>	<b>28 818</b>	<b>28 920</b>

### Utvikling løn korrigert for refusjonar sjukefråvær (alle tal i heile 1.000 kr):

<i>Utvikling av løn korrigert for refusjonar sjukefråvær (heile 1.000 kr)</i>				
	2011	2012	2013	2014
Gol inkl. Avd. Herad og SFO	25 365	27 244	27 676	27 641

### Avvik – nærvær og rekneskap:

#### Rekneskap:

- Gol skule og SFO (ansvar 3111) hadde i 2014 eit overforbruk på 77 000 kroner i forhold til justert budsjett. ( 100, 33 %)  
I justert budsjett er 159 398 kroner frå bundne fond lagt inn. Summen er brukt til å finansiere lønn for norsklærar for nyankomne flyktningar. Gol skule har hittil i skuleåret 2014-2015 fått 8 elevar som kjem rett frå utlandet. 7 av desse er flyktningar. Fondet er øyremerka norskopplæring for minoritetsspråklege elevar.
- Herad skule (ansvar 3112) hadde eit overforbruk på 25 000. ( 100, 49%).
- Overføring av klassar frå Herad skule til Gol skule frå 01.08.14 har ført til ein reduksjon på 1, 85 % lærarstilling. For hausthalvåret 2014 utgjorde dette ei innsparing på 530 000 kroner. Reduksjon i administrasjon på Herad med 40% stilling har ført til ei innsparing på 115 000 kroner. Dette er i

tillegg til vidareføring av tidlegare inn sparingar.

- Gol skule har eit overforbruk på på 637 000 kroner på Kjøp av tenester. Dette er refusjonar til kommunar der skulen har elevar som er fosterheimsplasserte.
- SFO brukte i år 75 % av budsjetterte utgifter. Inntektene frå foreldrebetaling på 1 123 000 kroner var omtrent som stipulert i budsjettet. Overskotet blir brukt til lovpålagt leksehjelp.

### Mål og måloppnåing 2014:

Mål:	Mål i ord:	Nådd?	Årsak til avvik:
Læringsresultat Læringsstrategiar Læringsmiljø	Tilstandsrapporten for 2014 vil rapportere på desse områda		
Elevar frå Herad skule som blir overført til Gol skule skal kjenne seg trygge og finne seg til rette i nytt skulemiljø	Elevundersøkelsen på 6. og 7. trinn haust/vinter 2014-2015 viser at elevmiljøet på dei 2 trinna som har hatt samanslåing er godt. Dei fleste indikatorane ligg godt over landsgjennomsnittet.		
Foreldra i den nye organisasjonen samarbeider godt med skulen og med kvarandre	Ikkje målt i undersøkingar eller på annan måte. Inntrykket er at alle har lagt godvilja til.		
Alle tilsette skal kjenne seg ivaretatt i samanslåingsprosessen og alle skal kjenne seg inkludert i den nye organisasjonen	Medarbeiderundersøkinga til Bedre kommune tatt i januar 2015 viser at arbeidsmiljøet er godt.		
Sjukefråværet bør ikkje auke som følgje av omorganiseringa	Sjukefråværet på Gol skule har gått ned og på Herad litt opp. Dette er naturlege svingingar og har ikkje samanheng med omorganiseringa.		

Alle lærarar må ha pedagogisk kompetanse	Skulen har i dag 1 lærarstilling utan formell kompetanse og 3 lærarar under utdanning i deltidsstillingar.		Skulen har mista 3 lærarar som følgje av omorganiseringa.
1 lærar årleg bør ta vidareutdanning	1 lærar tar vidareutdanning i matematikk (30 stp)		
Felles Løft for tidleg innsats steg 2 har ført til ein god overgang frå barnehage til skule for alle barn.	Ny plan for overgang barnehage skule er behandla politisk og delvis iverksett. Nye tiltak for ein tryggare overgang er under utprøving		

## Mål og tiltak 2015:

### Personal

- Mål: Skuleåret 2015-2016 skal alle tilsette på Gol skule, Gol ungdomsskule og Gol kulturskule bli godt kjent med kvarandre  
Tiltak: Arbeid i nettverk og praktisk arbeid med innflytting og opning av ny skule.
- Mål : Sjukefråværet bør ikkje auke som følgje av overgang til ein ny skule.  
Tiltak: Alle tilsette må kjenne ansvar for å oppretthalde trivsel og eit godt arbeidsmiljø

### Organisasjon

- Etablering av ny 1-10-skule vil krevje god planlegging  
Mål: Organisasjonen nye Gol skule skal fungere godt frå 1. august 2016  
Tiltak: Leiinga på skulane må samarbeide med skulefagleg rådgjevar og kommuneleiinga for å drøfte og klargjera vanskelege saker i god tid.

### Kompetanse

- Rekruttere lærarar med god fagkompetanse.  
Mål: Alle lærarar bør ha pedagogisk kompetanse.  
Tiltak: Skulen i Gol må marknadsføre nytt skulebygg i rekruttering av nye lærarar.
- Utvikle kompetansen i personalet  
Mål: 1 lærar årleg bør ta vidareutdanning  
Tiltak: Tilby støtte til vidareutdanning

### Teneste/aktivitet

- Felles Løft for tidleg innsats, steg 3 for skulen, er fagleg satsingsområde skuleåret 2015-2016  
Mål: Alle tilsette skal få auka kunnskap i språkutvikling, språkvanskar og heilheitleg leseopplæring.  
Tiltak: Felles opplæring for alle, opplæring av ressurspersonar og bruk av handlingsplanar for gjennomføring skal sikre kompetanseheving og utprøving av ny kunnskap.
- Sjå Tilstandsrapporten 2014

### Utfordringar 2015:

- Skuleåret 2015-2016 vil bli det siste året på dei gamle skulane Gol skule, Glitrehaug og Herad. Det er viktig å oppretthalde motivasjon for fagleg innsats i eit år prega av avvikling og flytting. Det blir også viktig at oppretthalde fokus på eit godt psyko-sosialt elevmiljø på alle avdelingane.
- Avd. Herad vil få eit lite elevmiljø og eit lite personale. Det må vera eit mål at det psyko-sosial miljøet for både barn og vaksne fortsatt skal vera trygt og godt.

Ingebjørg By Teigen